

# VINDAFJORD KOMMUNE

## SAKSPAPIR

Saksnummer	Utval	Vedtaksdato
018/19	Utval for drift, utvikling og kultur	13.05.2019

Saksbehandlar: Halvorsen, Gitte  
Sak - journalpost: 19/887 - 2019008838

---

### **Regulering av motorferdsel på vatn, vassdrag og sjø i Vindafjord kommune, med vekt på vasscooter**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Framlegg til forskrift om motorferdsel i vatn og vassdrag i Vindafjord kommune vert sendt på høyring.  
Framlegg til forskrift om bruk av og orden i hamner og farvatn i Vindafjord kommune vert sendt på høyring.

#### **13.05.2019 Utval for drift, utvikling og kultur**

Nestleiar Kari Vik Stuhaug (Sp) foreslo:  
Ref. framlegg til Forskrift om bruk av motorfartøy i vatn og vassdrag i Vindafjord kommune §2.  
DUK ber om at Rådmannen vurderer om det er tenleg å definera kriterier som kan gi grunnlag for dispensasjon.

Nestleiar Stuhaug sitt forslag vart vedtatt med 6 røyster, Geir Berge (H) røysta mot.  
Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedtatt.

#### **DUK-018/19 Vedtak:**

Framlegg til forskrift om motorferdsel i vatn og vassdrag i Vindafjord kommune vert sendt på høyring.  
Ref. framlegg til Forskrift om bruk av motorfartøy i vatn og vassdrag i Vindafjord kommune §2.  
DUK ber om at Rådmannen vurderer om det er tenleg å definera kriterier som kan gi grunnlag for dispensasjon.  
Framlegg til forskrift om bruk av og orden i hamner og farvatn i Vindafjord kommune vert sendt på høyring.

#### **Aktuelle lover, forskrifter, avtalar, reglement m.m.:**

Lov av 10. juni 1977 nr. 82 om motorferdsel i utmark og vassdrag (motorferdsellova)  
Lov av 17. april 2009 nr. 19 om hamner og farvann (hamne- og farvasslova)

#### **Saka gjeld:**

Framlegg om fastsetting av lokale forskrifter om motorferdsel på vatn, vassdrag og sjø, med vekt på vasscooter, i Vindafjord kommune.

## Saksopplysningar:

Den sentrale vasscooterforskrifta vart oppheva av Regjeringa den 18.05.2017. Vasscooterforskrifta var gitt med heimel i småbåtlova og innebar mellom anna eit landsdekkande forbod mot bruk av vasscooter innanfor eit heildekkande belte på 400 meter frå land i sjø og på 500 meter frå land i vatn. Frå dette forbodet var det gjort unntak for saktegåande transportkjøring gjennom forbodsbeltet. Ved oppheving av den sentrale forskrifta er vasscooter underlagt same regelverk som andre fritidsfartøy.

DUK bad i sak 28/17 rådmannen vurdere relevant lovverk med sikte på å regulere bruk av vasscooter i kommunen i lokal forskrift.

### Gjeldande lovverk i vatn og vassdrag

Motorisert ferdsel i vatn og vassdrag er regulert av lov om motorferdsel i utmark (motorferdsellova). Motorferdsellova inneheld reglar for motoriserte fartøy som ferdast i vatn, bekkar og opne og islagte elvar. Motorferdsellovas begrep "motorfartøy" inkluderer motoriserte fritidsfartøy og vasscooterar. Lova si hovudregel er at i utmark og vassdrag er motorferdsel ikkje tillate med mindre anna følger av lova eller vedtak med heimel i lova.

Motorferdsellova seier i § 4 at ferdsel med motorfartøy, herunder bruk av vasscooter, ikkje er tillate i vatn mindre enn 2 kvadratkilometer. Vasscooter er i utgangspunktet tillate på vatn som er 2 kvadratkilometer eller større, på elvestrekningar, og på vatn mindre enn 2 kvadratkilometer dersom desse inngår som ein del av eit farbart vassdrag.

Kommunen kan likevel med heimel i § 4 tredje ledd bestemme ved lokal forskrift at motorferdsel heilt eller delvis ikkje skal vere tillate i desse områda. Kommunen kan avgrense ferdselen til delar av ei elvestrekning eller eit vatn eller berre tillate ferdsel for visse båttypar, båtar med begrensa fart eller motorstorleik, til bestemte formål, til bestemt tid mv. Det kan til dømes settast forbod mot bruk av vasscooter i heile eller delar av vassdraget. Vert det aktuelt å innføre ferdselsrestriksjonar på elvestrekningar som er farbare frå sjøen, må avgrensinga mellom vassdraget og salt sjø fastsettast.

Etter politisk delegasjonsreglement vedtatt av kommunestyret 23.05.17, sak 30/17, kan kommunestyret gje forskrifter heimla i § 5 i lova. DUK har tilrådingsrett til kommunestyret her. Lokale forskrifter heimla i § 4 er ikkje nemnt i delegasjonsreglementet. Rådmannen legg til grunn at DUK vil ha tilsvarende tilrådingsrett til kommunestyret også for lokale forskrifter heimla i § 4.

### Gjeldande lovverk i sjø

Hamne- og farvasslova skal legge til rette for god framkomst, trygg ferdsel og forsvarleg bruk og forvaltning av farvatnet i samsvar med allmenne omsyn og omsynet til fiskeria og andre næringar. Lova skal vidare legge til rette for effektiv og sikker hamneverksemd som ledd i sjøtransport og kombinerte transportar samt for effektiv og konkurransedyktig sjøtransport av personar og gods innanfor nasjonale og internasjonale transportnettverk.

Hamne- og farvasslova har ingen særskilte reglar om bruk av vasscooter. Etter dette lovverket vil vasscooterar dermed i utgangspunktet vere regulert på lik linje med andre fartøy. Som fartøy reknast «*enhver flytende innretning som kan brukes som transportmiddel, fremkomstmiddel, løfteinnretning, oppholdssted, produksjonssted eller lagersted, herunder undervannsfartøyer av enhver art*», jf. § 4 første ledd.

Kommunane kan fastsette lokalt tilpassa forskrifter om fartsavgrensing og om orden i og bruk av farvatn og hamner i kommunen sine sjøområde etter hamne- og farvasslova.

### Fart

Kommunen sitt mynde til å treffe enkeltvedtak og fastsette lokale forskrifter om fart innanfor kommunen sine sjøområde og i kommunen sine vatn og elvar er heimla i hamne- og

farvasslova § 13 bokstav a og *forskrift 15. desember 2009 nr. 1546 om fartsbegrensninger i sjø, elv og innsjø* (den sentrale fartsforskrifta). Ei lokal fartsforskrift vil gjelde for alle typar fartøy, med dei unntaka som er gitt i den sentrale fartsforskrifta § 6. Det er ikkje høve til å fastsette lokale fartsforskrifter med avgrensingar berre for spesifikke fartøytypar, t.d. for vasscooter.

#### Orden og bruk

Kommunen sitt mynde til å fastsette lokale forskrifter om bruk av og orden i farvatn og hamner i kommunen sine sjøområde, samt i vatn og elvar som er farbare med fartøy frå sjøen er heimla i hamne- og farvasslova § 14 første ledd og § 42 første ledd. Kommunen må i så fall benytte forskriftsmalen som er gitt i vedlegg 1 til *Forskrift 2. november 2012 nr. 1040 om bruk av mal og godkjenning av kommunale forskrifter om orden i og bruk av farvann og havner*. I hoved- og bileder gjeld lokale ordensforskrifter berre innanfor fastsette hamneavgrensingar. Kommunen kan ikkje regulere bruken av farledene.

Samtidig med opphevinga av vasscooterskrifta (18.05.2017) fekk malen for lokal ordensforskrift ein ny paragraf om regulering av bruk av fritidsfartøy i § 9A. Den nye § 9A i forskriftsmalen inneber ei ytterlegare klargjering av at bruk av vasscooter og andre fritidsfartøy kan regulerast særskilt gjennom lokale ordensforskrifter, når slik særregulering er naudsynt «*for å ivareta hensynet til trygg ferdsel, forsvarlig forvaltning av farvannet, miljø eller friluftsliv*».

Ved fastsetting eller endring av ei lokal ordensforskrift må kommunen vege mot kvarandre dei ulike omsyn og interesser som skal ivaretakast gjennom eventuelle avgrensingar i den tillate bruken av farvatn og hamner. Døme på dette kan vere interesser knytt til fri ferdsel og bruk av sjøområde, ulike brukargrupper sin bruk av farvatnet og kva verknad ulike typar bruk av farvatnet vil ha på naturlege og etablerte omgjevningar i kystsona. Her vil og interesser knytt til landsida kunne vere relevante reguleringsomsyn, t.d. interessa i å ivareta eit godt friluftstilbod, omsynet til fastbuande og hyttebuarar eller for ivaretaking av miljøet i kystsona elles.

Døme på regulering av bruk av fritidsfartøy, herunder vasscooter, kan vere forbod mot bruk i bestemte område for å unngå fare for ulykker, av omsyn til støy i trange sund, bukter og vikar med hytter eller i område særleg attraktive for friluftsliv. Bruk av vasscooter mm. kan og avgrensast til ein fastsett avstand frå land, t.d. av omsyn til støy, fare for samanstyrt, konflikt med badande o.l. Eit anna eksempel kan vere forbod mot aktivitet som forstyrrar effektiv hamnedrift.

Malen for lokal ordensforskrift inneheld 13 paragrafar, der §§ 1-5 og §§ 11-13 er obligatoriske. Dersom kommunen nyttar § 10 om andre reguleringar, skal forskrifta godkjennast av Kystverket sitt hovudkontor.

Etter politisk delegasjonsreglement vedtatt av kommunestyret 23.05.17, sak 30/17, kan kommunestyret vedta forskriftsarbeid (§ 24) etter tilråding frå DUK.

#### **Vurdering:**

Vasscooterar kan akselerere raskt og til dømes gjere krappe vendingar og hopp, ofte kombinert med høg fart. Dei kan og kjørast med stor fart på grunt vatn, gjerne grunnare vatn enn motoriserte båtar elles nyttar. Eit slikt kjøremønster kan opplevast som ikkje føreseieleg for andre brukarar av sjøen, særleg i dei grunne områda, og kan skape utryggleik. Dette kan til dømes gjelde badande, fiske frå land og saktegåande båtar og ferdsel med kano og kajakk. Auka motorisert ferdsel med høg fart i område nær land kan auke faren for samanstyrt og ulykker.

Bruk av vasscooter i høg fart på grunne område kan forstyrre vassmiljø som elles ikkje har vore påverka av motorisert ferdsel. Som for andre fartøy vil støyen skremme sjøfugl og

dyreliv i og kring vassmiljøet. Større negativ verknad for sjøfugl har kjøremønsteret, ved raske og brå endringar av fart og retning. Fuglane kan ha problem med å komme seg raskt nok unna og bli utrygge i området. Særleg utsette for uroing er dei i hekketida, som til dels er samanfallande med sesongen for vasscooterbruk. Bestandane av ei rekke sjøfuglartar er avtakande og bør takast særleg omsyn til.

Regjeringa skreiv i 2013 i høyringsbrevet til den nå oppheva vasscooterforskrifta at støy frå vasscooterar ofte vert opplevd som annleis og meir plagsom enn støy frå småbåtar, sjølv om vasscooterane i utgangspunktet kan ha eit støynivå som ikkje er høgare enn tilsvarande fritidsbåtar med same motorstyrke. Dette heng saman med måten dei ofte vert brukte på. Slik bruk gir ein inntrengande og sjenerande lyd fordi intensiteten i lyden varierer ofte. Både fastbuande, hyttebuarar, friluftinteresserte og andre som oppheld seg i kystsona kan verte påverka av støy frå vasscootertrafikk. Nokre i brukargruppene kan oppleve dette som sjenerande. Bruk av vasscooter nær land kan påverke rekreasjonsverdien av kystområdet negativt og auke konfliktnivået mellom brukargruppene.

Etter rådmannen sitt syn kan reglar for bruk av vasscooter bidra til å sikre omsyn til natur og miljø, trygg ferdsel på vatn og sjø og redusere ulemper for friluftinteresserte og andre interessegrupper. Reglane må samtidig vere tydelege for brukarar av vasscooterar på kvar i kommunen bruk av vasscooter er tillate.

#### Vatn og vassdrag - motorferdsellova § 4

I den oppheva sentrale vasscooterforskrifta var kravet til avstand frå land i vatn strengare enn i sjø. Dette var mellom anna grunngjeve med at mange artar i vatn og vassdrag bruker heile vasspegelen ved næringsopptak. I tillegg kjem at tradisjonell motorisert båttrafikk som har vore vanleg på vatn og i vassdrag ofte har vore knytt til fisketradisjonar og annan transport/turisme. Enkelte større vatn ligg i område der det er forventa fråvær av menneskeskapt støy og der aksepten for støy frå motorfartøy er låg.

Etter motorferdsellova § 4 er ferdsel med motorfartøy i utgangspunktet tillate i vatn på 2 kvadratkilometer eller større. I Vindafjord kjem 2 vatn inn under dette

- Vatsvatnet (2.1 km<sup>2</sup>)
- Fjellgardsvatnet (2,2 km<sup>2</sup>)

Vatsvatnet er langt og smalt og ligg omkransa i hovudsak av landbruksområde. Nord i vatnet ligg Landavatnet fuglelivsfredning, 310 dekar, med føremål å ta vare på det rike fuglelivet i området, og Landavatnet naturreservat, ca. 720 daa, der omlag 110 daa er landareal. Areala er til dels samanfallande. I Landavatnet naturreservat er føremålet med fredinga å ta vare på eit våtmarksområde med naturleg tilhøyrande vegetasjon og dyreliv. Området er ein viktig hekke- og trekklokalitet for våtmarksfugl. Etter verneforskrifta for Landavatnet naturreservat er motorisert ferdsle på land, i Landavatnet og i nordenden av Vatsvatnet etter nærare grenser fastsett av forvaltningsstyresmakta og flyging under 300 meter er forbode. Forbodet gjeld og bruk av modellbåtar og modellfly, samt brettsegling. Det er tradisjonelt lite motorisert ferdsel med båt på Vatsvatnet.

Også Fjellgardsvatnet er langt og smalt, med landbruksområde, skog og fjell kring vatnet. Den austre enden av vatnet er avmerka på viltkartet for Vindafjord (1997) som leveområde for vassfugl. Vatnet ligg i eit område med lite menneskeskapt støy. På grunn av fjellformasjonane kring vatnet vil motorferdsel på vatnet vere godt høyrbart.

Av omsyn til fugleliv, bebuarar kring vatna og vatna som kjelde til rekreasjon rår rådmannen til å sende til høyring lokal forskrift etter motorferdsellova § 4 med forbod mot bruk av vasscooter på vatn med storleik 2km<sup>2</sup> eller større i Vindafjord.

#### Sjø – hamne- og farvasslova §§ 14 og 42

##### Fart

Kommunen kan fastsette lokal forskrift om fartsavgrensing etter denne lova § 13 og den

sentrale fartsforskrifta. Rådmannen ser for tida ikkje behov for lokal forskrift om fartsavgrensing ut over reglane i den sentrale fartsforskrifta.

### Orden og bruk

Kommunen kan fastsette lokal forskrift om bruk av og orden i hamner og farvatn i Vindafjord etter denne lova §§ 14 og 42. Forskrifta må følgje fastsett mal.

Vindafjord kommune har lang kystlinje mot to fjordsystem. Mange ulike interesser og brukarar er knytt til kystlinja. Her er badeplassar, hytte- og naustområde, private og offentlege kaianlegg, industri, fiske og oppdrettsanlegg. Til nokre av desse interessene er knytt eigne lovar og forskrifter. Nokre fjordarmar er smale med busetnad på kvar side, t.d. Vatsfjorden, mens andre er meir opne, som Krossfjorden/Vindafjorden.

Med bakgrunn i utgreiinga over rår rådmannen til å sende til høyring lokal forskrift om bruk av og orden i farvatn og hamner i kommunen, med heimel i hamne- og farvasslova §§ 14 og 42. Rådmannen gjer framlegg om eit forbodsbelte for vasscooter med breidde 400 meter frå land og øyer, samt verneområde, eller eit heildekkande belte ut til farled, der avstanden mellom land og farled er mindre enn 400 meter. Dette er den same breidda som var nytta i den sentrale vasscooterforskrifta som vart oppheva i 2017.

Den lokale forskrifta gjeld ikkje i farleden. Dette medfører at forbodsbeltet vil variere mykje langs kystlinja. Ut Ølsfjorden og langs austsida av Sandeidfjorden er til dømes avstanden frå land til arealet knytt til farleden stadvis mindre enn 50 meter. Motsett er det ingen farled i Vindafjorden. Forbodsbelte og farled er illustrert på kartvedlegg til saka og forskrifta (sjå under).

Kartvedlegg:

[https://kommunekart.com/klient/vindafjord/ferdsel\\_sjø](https://kommunekart.com/klient/vindafjord/ferdsel_sjø)

**På mindre skjermar må ein zoome ned for at farleden og forbudssona skal vise**

### **Vedlegg:**

Framlegg forskrift om bruk av motorfartøy i vatn og vassdrag i Vindafjord  
Framlegg forskrift om bruk av og orden i havner og farvann i Vindafjord